

## BACHELOROPPGÅVE

«*Ho kjem til å vekse opp som norsk*»: om samværet sin innverknad på fosterbarn sin religiøse identitetsutvikling

«*She will grow up Norwegian*»: contact visits impact on foster children's religious identity development

**Kandidatnummer: 249**

Bachelor i barnevern

Fakultet for helse- og sosialfag/Institutt for helse og samfunn/Barnevern

15. mai 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1*.

## Abstract

**Title:** “*She will grow up Norwegian*”: contact visits impact on foster children’s religious development

**Issue:** The issue of this thesis goes like this:

*“How can contact visits affect the religious development of a child of a minority in a foster home from the majority?”*

**Method:** The method used for this thesis is a literature study. Which means that I have gathered already existing science to shed light to the issue of the thesis.

**Results:** The literature study has shown that contact visits is an important topic when it comes to child protective services in Norway, especially for the minority children. Some of the more interesting results consists of how the quality of the contact visits affects the child’s relationship to religion. If the visits are of a good nature, they are more likely to develop a strong sense of religious identity, versus bad natured visits will leave the children wanting to not be a Muslim at all.

**Conclusion:** Contact visits does indeed affect the development of religion among the children, but it does not do so alone. There are other perspectives that come to play when the minority child in the majority foster home is developing a connection to their religion, or not. Some of this includes the child’s attachment to the foster home and the child’s opportunity to make their own decisions.

# Innhaldsliste

Abstract .....	2
1.0 Innleiing.....	4
1.1 Val av tema.....	4
1.2 Problemstilling .....	4
1.3 Omgrepssavklaring .....	5
2.0 Teoretisk bakgrunn.....	6
2.1 Samvær.....	6
2.2 Samværsordninga i Noreg i dag .....	7
2.3 Minoritet.....	8
2.4 Tilknyting .....	9
2.5 Identitet.....	10
2.6 Medverknad.....	11
3.0 Metode.....	12
3.1 Litteraturstudie .....	12
3.2 Utval .....	12
3.3 Litteratursøk .....	13
3.4 Kjeldekritikk og forskingsetikk.....	14
4.0 Resultat og analyse.....	15
4.1 Artikkel 1.....	15
4.2 Artikkel 2.....	17
4.3 Artikkel 3.....	19
5.0 Diskusjon.....	21
5.1 Tilknyting og rollemodellen .....	21
5.2 Samværskvaliteten.....	22
5.3 Å få bestemme sjølv .....	23
5.4 Tilrettelegging i fosterheimen .....	24
6.0 Avslutning .....	26
7.0 Litteraturliste .....	27
Vedlegg 1: Søkelogg .....	31

## 1.0 Innleiing

Kva er det å vekse opp norsk eller muslimsk? Og korleis kan ein kombinere desse to oppvekstane på ein god måte? I følgje barnevernslova §5-3 tredje ledd skal barnets religion takast omsyn og leggjast vekt på ved val av fosterheim etter omsorgsovertaking. Dette er for å sikre kontinuitet i barnets oppdragning og utvikling. I utgangen av 2021 var det 13 508 barn som budde fosterheim (Statistisk Sentralbyrå, 2023). Jamfør barnevernslova §7-1 så har barn og foreldre rett til samvær med kvarandre, så lenge ikkje noko anna er bestemt. Korleis den religiøse aspektet av identiteten kan behaldast, utviklast eller fornekta gjennom desse samværa er det oppgåva i si vidare heilheit vil handle om.

### 1.1 Val av tema

Valet om å skrive om fosterheim var eit naturleg val å ta for meg, då eg i praksisperioden min fekk moglegheita til å arbeide tett med oppfølging av fosterbarn og fosterforeldre. Samvær vart difor eit naturleg tema å ta utgangspunkt i då dette er mykje i vinden. I kombinasjon med dette fekk eg følgje ei sak tett der diskusjon om barnets religiøse identitet vart teken opp og utfallet gjorde meg interessert nok i temaet til at valet for bachelortema vart nettopp samvær og religiøs personlegdomsutvikling.

### 1.2 Problemstilling

For å nå den problemstillinga som fekk mest mogleg ut av mine interessefelt var eg gjennom fleire ulike versjonar før eg landa på mi endelege problemstilling. Det litteraturstudia skal setje lys på er kva innverknad samvær kan ha på religiøs utvikling blant fosterbarn.

Den endelege problemstillinga lyd dermed slik:

*Korleis kan samvær påverke den religiøse utviklinga til eit minoritetsbarn i ein fosterheim med majoritetsbakgrunn?*

### 1.3 Omgrepssavklaring

**Fosterheim:** Ein fosterheim er både ein heim som barn blir plassert i av barneverntenesta, men også ein heim foreldra sjølv vel å plassere sine barn i (Sundt, 2017, s.65). I barnevernslova (2021) definerast ein fosterheim slik: «Med fosterhjem menes private hjem som ivaretar omsorgen for barn på grunnlag av vedtak etter denne loven.» (Barnevernsloven, 2021, §9-1).

**Foreldre:** Med foreldre meinast i denne oppgåva barnets biologiske foreldre.

**Barn:** I denne oppgåva vert alle i alderen 0-18 år omtala som barn, det vert ikkje gjort skilje mellom barn og ungdom.

**Samvær:** Samvær vert i denne oppgåva definert som kontakt mellom barn og foreldre for å oppretthalde relasjon og gjere ei attendeføring mogleg (Barne- ungdom- og familiedirektoratet, 2022).

**Minoritet:** Ein minoritet er definert som eit mindretal, og brukast normalt sett om ei folkegruppe som utgjer eit mindretal i det samfunnet dei lev i (Store norske leksikon, 2022). I denne oppgåva vert Islam som religion, og muslimske fosterbarn omtala som minoritet.

**Majoritet:** Ein majoritet er eit fleirtal og definerast som over halvparten (Store norske leksikon, 2021). I denne oppgåva er etnisk norsk det som vert omtala som majoritet.

## 2.0 Teoretisk bakgrunn

For å kunne forstå og tolke funna kring problemstillinga på ein god måt, må det vere med eit teoretisk bakteppe som dekkjer dei viktige perspektiva når det kjem til samvær for minoritetsbarn i ein majoritetsfosterheim. Vidare i kapittelet skal eg gå gjennom fem ulike teoretiske underpunkt som støttar under empirien i ein seinare drøfting. Dei ulike underkapitla inneholder store tema som eg gjerne burde bruke stor plass på for å kunne utdjupe så mykje som det eg vil, men med tanke på oppgåva sin størrelse har eg valt å avgrense dei for at det mest relevante kjem tydeleg fram.

### 2.1 Samvær

Samvær er ein lovfesta rett barn og foreldre har til kontakt med kvarandre etter ein omsorgsovertaking. Dersom ikkje anna er bestemt, skal det leggjast til rette for samvær. Dette er regulert i barnevernslova §7-1, samt også i Barnekonvensjonen artikkel 9, retten til å halde kontakta, og Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 8, retten til familieliv. Ramma for samværet er det barneverns- og helsenemnda som fastset og vert ein del av vedtaket om omsorgsovertaking (Barnevernsloven, 2021, §7-2, første ledd). Barneverntenesta kan auke omfanget av samvær så lenge det ikkje er i strid med det nemnda har bestemt og samværsordninga skal med jamne mellomrom undersøkjast for å vurdere om det er behov for endring (Barnevernsloven, 2021, §7-6, andre ledd).

Det er forska mykje på samvær mellom foreldre og barn i fosterheim, og kva det har å seie for barnet. Forskinga har likevel ikkje gitt eit eintydig svar på samanhengen mellom samvær og andre forhold ved barnet, som utvikling, skule, identitet og trivsel. Nokre studium syner positive resultat medan andre syner negative resultat (Bunkholdt, 2017, s. 427). Likevel har ein gjennom praksis funne ut av at ein god samværsordning vil i det lengre løp vere bra for dei aller fleste barna, då spesielt med tanke på å ha ein kontinuitet i ein ustabil situasjon (Bunkholdt, 2017, s. 428). Det skal vere eit mål om at vedtaket om omsorgsovertaking skal vere midlertidig og ikkje eit permanent tiltak for familien, dette så lenge det er til barnets beste (Bufdir, 2022). Samvær skal difor vere med på å halde på kontakta mellom barn og foreldre og gjere prosessen kring ei eventuell attendeføring så enkel som mogleg for alle partar involvert (Stang & Baugerud, 2018, s. 18).

Ein kan tenkje at grunnen til at ein ikkje får eit einsforma svar på samværsforskinga er fordi kvar situasjon er så unik og individuell som den er. Nokre barn har stor samværskapasitet og toler det godt, andre toler det ikkje. Barn som vert plassert i fosterheim har ofte opplevd den mest alvorlege forma for omsorgssvik i så stor grad at det var nødvendig å flytte dei ut av heimen (Stang & Baugerud, 2018, s. 21). Forsking tyder på at barn som flyttast i fosterheim har ein større sårbarheit enn barn som kan bli buande i sin opprinnlege heim (Stang & Baugerud, 2018, s. 22).

## 2.2 Samværsforsking i Noreg i dag

I februar kom det ein ny forskingsrapport med samvær som tema. Den har eit eige kapittel dedikert til minoritetsfamiliar, noko den har til felles med den nye retningslinja frå Bufdir angåande samvær. Eg vil kort ta for meg desse.

I fastsetjinga av samvær skal barnets religion, etnisitet, kultur og språk takast omsyn til for å sikre kontinuitet, og dette er noko som kan tale for meir samvær i fastsetjinga av det (Stang et al., 2023, s. 161). Dette omsynet skal likevel ikkje overstyre prinsippet om barnets beste dersom dei kjem i konflikt med kvarandre (Stang et al., 2023, s. 161). Barneverntenestene og foreldra er samde om at samværa er ein fin arena å kunne byggje kontinuiteten i religionen på (Stang et al., 2023, s. 163). Nokre av foreldra opplever likevel at det er særstakt ulikt korleis religionen vert ivaretaken basert på kva saksbehandlar dei møter, og nokon har følt seg møtt utan respekt for religion (Stang et al., 2023, s. 164). Bufdir sin retningslinje er utforma for at barneverntenestene skal førebu sakene sine så godt som mogleg og for å sikre rettssikkerheita til barna og familiene (Bufdir, 2022). Det retningslinja seier om omsynet til barnet sin religion, etnisitet og kultur er dermed det barneverntenestene skal ta utgangspunkt i ved framlegg til samværsavtale for barnevern- og helsenemndene.

I den kunnskapsbaserte retningslinja vert det lagt vekt på kva som bør vere undersøkt frå barnevernet si side. Barnevernet skal blant anna ha undersøkt og kartlagt barnet sin religiøse, kulturelle og språklege bakgrunn, barnet si mening, familiens språklege, kulturelle og språklege bakgrunn, foreldra sine meningar og om det er behov for tolk under samværa.

Barnevernet skal vurdere korleis samværet kan vere med på å utvikle barnet sin språklege og kulturelle bakgrunn, samt korleis religionsutviklinga skal ivaretakast i fosterheimen. Barna har trusfriheit samtidig som foreldra har rett og plikt til å rettleie dei angåande trua i samsvar med barnet si utvikling og modenheit. Etter eit barn er fylt 15 kan det sjølv bestemme om det vil vere medlem av eit trussamfunn eller ikkje. Barn som nektar å vere ein del av sitt trussamfunn skal barnevernet ta omsyn til, samstundes som at det tenkjast langsiktig i forhold til religionen. Før det vert tekne nokre avgjersler kring det barnet seier må barnevernet dokumentere nøye kva som kan vere grunnen til dette. Barnevernets vurdering skal ta utgangspunkt i det barnet meiner, ut i frå alder og modenheit då barnet seinare kan endre mening (Bufdir, 2022).

## 2.3 Minoritet

Basert på ein studie frå Sverige har barn med ein etnisk minoritetsbakgrunn mild til moderat større sjans for å bli plassert i ein fosterheim enn det svenske barn har (denne studia tok omsyn til sosioøkonomiske faktorar) (Skytte, 2020, s. 243). Jamfør Barnekonvensjonen artikkel 20, skal det skal takast høgde for barnets kultur og etnisitet når ein fosterheimspllassering skal finne stad. Dette viser seg å ikkje alltid vere like enkelt å gjennomføre reint praktisk, på grunn av mangel på fosterheimar med etnisk minoritetsbakgrunn (Lund-Fallingen, 2017, s. 165). Barnet har rett til å kunne utøve sin kultur eller religion i den fosterheimen dei har flytta til og det er barneverntenesta med omsorga for barnet som har ansvar for å følgje dette opp (Lund-Fallingen, 2017, s. 166). Fosterforeldre bør kunne legge til rette for at barnet kan praktisere sin religion eller snakke sitt eige morsmål så langt det kan gjerast (Lund-Fallingen, 2017, s. 166-167). Likevel må ikkje det etniske blir for styrande for korleis fosterforeldra og barneverntenesta ser barnet på (Lund-Fallingen, 2017, s. 166).

Alle barn har rett på same omsorg uavhengig av kultur (Stang et al., 2023, s. 160). Barna og dei unge vaksne som vert omtala i denne oppgåva har alle bakgrunn frå ein muslimsk heim. Muslimske fosterbarn kan dra fordel av at fosterforeldra sjølve veit noko om deira religion. Fosterbarna kjem frå ein familie med eit sett verdiar, normer og religiøse praksistar som ikkje nødvendigvis er det same i fosterheimen. Det kan vere utfordrande å vurdere i kor stor grad barnets religion skal vektleggast i fosterheimen, men basert på dei nylege dommane i den

Europeiske Menneskerettsdomstolen er barns tilknyting til sin opprinnlege religion noko som bør vektleggast meir i norsk barnevern. (Stang et al., 2023, s. 160-161).

## 2.4 Tilknyting

All utvikling er prega av våre indre arbeidsmodellar, som er våre forventingar til alt av relasjonar og samhandling med andre (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 53). Dei indre arbeidsmodellane til kvart barn vert skapt av relasjonen med sine omsorgspersonar som ein nyfødt baby, og det er slik barnet lærer om seg sjølv og andre (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 53). Dei indre arbeidsmodellane er også med på å påverke korleis barnet utviklar sin tilknyting til sine omsorgspersonar, altså den kjenslemessige relasjonen eit menneske dannar til eit anna menneske (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 59).

Tilknytingsåtferd er eit overlevingsinnstinkt blant spedbarn der det vil søkje kontakt mot sine omsorgspersonar dersom tilknytingssystemet vert aktivert, til dømes av ukjende lydar (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 60-61). Ein kan dele tilknytingsstrategi inn i tre delar; trygg tilknyting der barnet vert møtt på ein god måte på sine behov og er vande til at omsorgspersonane trøystar og kan hjelpe barnet med sine kjensler. Unnvikande tilknyting der barnet er vandt med å bli avvist ved å syne negative kjensler og vil dermed slutte å syne desse, og ein ambivalent tilknyting der omsorgspersonen ikkje er konsistent med sine reaksjonar til barnet og barnet dermed gjer sine kjensler større enn det dei eigentleg er (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 62).

Dersom eit barn vert plassert i fosterheim før det har knytt seg til foreldra i 4-8 månadsalder kan tilknytingsstrategien til barnet komme frå fosterforeldra, medan eit barn som vert plassert i fosterheim seinare enn dette gjerne beheld sin tilknytingsstrategi frå foreldra (Engelien et al., 2023, s. 69). Tilknytingsstrategi er noko som vil følje barnet vidare, men det tilseier ikkje at alt håp er ute dersom barnet har ein negativ tilknytingsstrategi. Ved trygge og helsefremjande samhandlingar med andre omsorgspersonar kan barn utvikle ein betre tilknytingsstrategi (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 63). Sjølv om tilknytingsstrategien kjem frå foreldra ved seinare omsorgsovertaking kan barnet knytte seg til både fosterforeldre og foreldre ved hjelp

av mentalisering, altså at barnet kan hugse mellom peridoer ein ikkje ser nokon kven dei er og bandet det har til dei (Engelien et al., 2023, s. 75). *sjå meir på denne*

## 2.5 Identitet

Identitet er det som gjer eit menneskje til seg sjølve. Identiteten er fleirdimensjonell og inneheld fleire dynamiske aspekt (Skytte, 2020, s. 122). Ein kan skilde identitetsskaping som ein lausriving frå foreldre og ein etablering av eit sjølvstendig ståstad som eit vaksen medlem av samfunnet (Helgesen, 2020, s. 186). Identiteten vil kunne variere og ein har fleire identitetar knytt til ulike sider ved mennesket, som til dømes; kjønn, klasse, arbeid, seksualitet, etnisitet og religion (Skytte, 2020, s. 123).

Ein kan dele den etniske aspektet av identiteten inn i tre delar som til saman utgjer kva den etniske identiteten er. Delane består av den personlege etniske identiteten, den sosiale etniske identiteten og den kollektive etniske identiteten (Lund-Fallingen, 2017, s. 167). Den personlege etniske identiteten er den sjølvforståinga som gjer at ein person skil seg ut som eit individ i forhold til andre (Skytte, 2020, s. 123). Det kan og seiast å vere den identiteten ein person får med seg frå oppveksten i heimen (Lund-Fallingen, 2017, s. 167). Den sosiale etniske identiteten er knytt til dei sosiale kategoriane som ein set seg sjølv og andre i. denne identiteten inneheld eit eksternt og internt aspekt. Det interne aspektet er personen sin eigen forståing av seg sjølv, medan det eksterne aspektet er andre sin forståing av personen knytt til sosiale kategoriar (Skytte, 2020, s. 123-124). Den tredje og siste delen av den etniske identiteten er den kollektive etniske identiteten, den identiteten som vert styrt av gruppa som heilheit sine grenser. Dette kan bety blant anna språk, territorium eller utsjånad og denne delen av den etniske identiteten vil vere med å sikre behovet for sosial tilhøyrslle (Lund-Fallingen, 2017, s. 167).

## 2.6 Medverknad

Barnets rett til å medverke er forankra i fleire konvensjonar og lover som vert gjeldande for norsk barnevern. Barnevernslova §1-4 første ledd seier at eit barn som er i stand til å danne seg si eiga mening skal kunne utrykkje denne og den skal vektleggast i samsvar med barnets alder og modenheit. I barnevernkonvensjonen artikkel 12 kjem det fram at eit barn som er i stand til å danne sitt eige synspunkt har retten til å fritt gi utrykk for denne. Også i Grunnlova vert barnas rett til å medverke omtala. §104 første ledd seier at barn har rett til å bli høyrd i spørsmål som omtalar dei sjølve.

Ein studie gjort i 2002 har funne ni ulike aspekt ved medverknad som er ekstra viktige for barn. Dei ni ulike aspekta er; å bli lytta til, å få seie si mening, å få støtte, å få vite kva som skjer å få val, å få tid til å tenke gjennom ting, at vaksne ikkje legg press, at vaksne tek gode avgjersler og å få bestemme. Aspekta er rangert i ein diamantform der fleire av aspekta ligg på same nivå av viktigheit, men det er den første som er viktigast for barna og den siste som er minst viktig. Resultata tyder dermed på at barn ikkje nødvendigvis vil bestemme alt sjølv, men at dei vil bli høyrt og lytta til (Strandbu & Vis, 2020, s. 152).

## 3.0 Metode

Metoden er framgangsmåten for og hjørnestinen i ei kvar forskingsoppgåve, eg vil vidare i kapitelet gå gjennom metoden eg har brukt steg for steg.

### 3.1 Litteraturstudie

Eg har valt å bruke litteraturstudie som metode for å svare på mi problemstilling. Valet er teken med omsyn til fleire faktorar kring bacheloremnet og problemstillinga, blant anna tid og omfang. I startfasen av prosjektet var kvalitative intervju ein metode eg kunne tenkje å bruke. I det kvalitative intervjuet ynskjer ein å få fram ein nyansert skildring av korleis intervjuobjektet ser på sin situasjon (Dalland, 2020, s. 71). Altså det at ein møter brukaren av tenesta direkte. I Høgskulen sin godkjenning frå Sikt er det ikkje rom for å intervju brukarane, noko som fører til at relevant empiri ikkje kjem fram. For å kunne intervju brukaren hadde det kravd ein enkeltsøknad til Sikt og grunna behandlingstid var ikkje denne metoden lenger aktuelt gitt oppgåva si tidsramme på om lag ti veker. I ei litteraturstudie samlar ein inn empiri frå allereie eksisterande forsking, fagkunnskap eller teori (Dalland, 2020, s. 199). Det vil seie at empirien som er henta inn til desse eksisterande forskingsprosjekta allereie har fått godkjenning frå Sikt og eg får dermed relevant empiri til problemstillinga, samstundes som at tidsbruken for innhenting av data er overkommeleg i forhold til oppgåva si tidsramme. Det synte seg også at det allereie var god forsking med relevans for mi problemstilling og dermed vert ei litteraturstudie av størst relevans for å gjennomføre oppgåva.

### 3.2 Utval

Min søkjeprosess har vore meir tidkrevjande enn det eg forventa at den kom til å bli. Eg starta med eit snevert utval og har i etterkant sett behov for å utvide utvalet for å hente inn meir relevant empiri. Eg starta litteratursøket med strenge inklusjonskriterium. Eg ynskte å samle inn empiri der utvalet var ungdom i alderen 13-18 år med muslimsk bakgrunn i fosterheim med majoritetsbakgrunn. Det synte seg at det var lite forsking kring dette og eg utvida kriteria mine til muslimske barn som bur i ein fosterheim med majoritetsbakgrunn. Eg var i utgangspunktet berre ute etter artiklar som var fagfellevurderte, men dette kriteriet gjorde eg mindre strengt og endra til at minst ein av artiklane mine skal vere fagfellevurderte. Eg

inkluderte berre nordiske eller engelske artiklar for å få best mogleg oversikt sjølv over innhaldet.

Av eksklusjonskriterium ynskte eg ikkje artiklar som var utgitt i 2016 eller tidlegare. Nokre gonger vil det vere tidsspenn i litteraturen som inneheld dei mest relevante kjeldene (Dalland, 2020, s. 149). Muslimar som ein minoritet og overrepresentasjonen av dei i barnevernet har vore eit aktuelt tema dei siste åra i barnevernet og denne eksklusjonen vart difor gjort med tanke på at eg ynskte ny og relevant forsking. I løpet av litteratursøket kom eg over artikkel 2 som var særrelevant for meg, men utgitt i 2006. Av den grunn hadde eg ikkje lenger med årstal som eit eksklusjonskriterium.

Kort oppsummert er mine inklusjonskriterium minst ein fagfellevurdert artikkel, nordiske eller engelskspråklege artiklar og artiklar der utvalet var generelt fosterbarn med muslimsk bakgrunn i majoritetsheim. Av eksklusjonskriterium enda eg med å ikkje ha nokon.

### 3.3 Litteratursøk

Eg har valt å bruke Oria som min database for innsamling av data. I litteratursøket har eg kombinert ulike metodar å søkje på, eg har brukt gressing som metode og strukturerte søk. Medan strukturerte søk gjerne er nøyne planlagde og godt førebudde søk er gressing eit meir ustrukturert søk der ein gjerne endar opp med å finne relevante kjelder medan ein er på leit etter noko anna, på folkemunne «snubleflaks» (Dalland, 2020, s. 151).

Eg starta litteratursøket med å velje meg ut nokon emneord som eg tenkte ville gi relevante kjelder. Dei var; fosterheim, fosterhjem, «foster care», fosterbarn «foster children», samvær «contact visits», religion, muslim, minoritet, minority, majoritet, majority, utvikling og development. Desse søkeorda brukte eg i mange ulike kombinasjonar og som nemnt vart søkjeprosessen meir omfattande enn forventa. Difor kjem eg ikkje til å gå gjennom alle kombinasjonane, men i vedlegg 1, søkerloggen min, kjem kombinasjonane fram. Vidare vil eg gå gjennom dei kombinasjonane av søkjeord som førte til at eg fant mine empiriske kjelder.

For å finne fram til artikkelen 1, *Familiens betydning for ungdoms religiøse identitetsutvikling – ungdom med muslimsk bakgrunn i fosterhjem* (2020), brukte eg kombinasjonen «fosterhjem AND religion». Dette søket ga meg seks ulike treff og eg avgrensa til fagfellevurderte artiklar som utgjorde tre treff. For å sjekke relevans las eg samandraga på artiklane som vart att og valde ut i frå det eg vurderte som mest relevant for meg. Dette søket var eit strukturert søk. I søker etter artikkelen 2, ‘*To another’s house*’: the experiences of Muslim young people in foster care (2018), var det kombinasjonen ««foster care» AND muslim» som gav mest relevant utslag. Dette søker resulterte i 26 treff og eg valde å avgrense til fagfellevurderte artiklar, då sank resultat til 12 treff. Eg såg over titlane for å finne dei som verka mest relevante og valde ut 4 artiklar som eg las samandraget til. Dette var også eit strukturert søker og eg plukka ut den artikkelen med mest relevans. Det var på dette tidspunktet søker byrja å bli meir vanskeleg, og eg fann ikkje empiri som eg var ute etter. Det eg gjorde var då å gå gjennom dei to søkerordkombinasjonane som hadde gitt best resultat og det er her gressing som metode vart nyttig for meg. Med kombinasjonen «fosterhjem AND religion» kom eg over ei masteroppgåve, “*Hun kan jo bli muslim når hun blir stor*”: Om religiøs oppdragelse av barn i fosterhjem med et annet livssyn enn den biologiske familien (2006), som har forska på nettopp korleis religionen vert påverka i fosterheim med anna bakgrunn. Oppgåva strekkjer seg over 100 sider og ikkje alt er relevant for mi oppgåve, så eg har valt å trekke ut side 31-55 som mi empiriske kjelde.

### 3.4 Kjeldekritikk og forskingsetikk

Ei kjelde er kunnskapens opphav og i ein digital verden har me uendeleg tilgang til kunnskap og kjeldene til den. Ikkje alle kjelder er truverdige eller brukbare i akademisk handverk og kjeldene må difor vurderast nøye før bruk (Dalland, 2020, s. 141). I følgje Dalland har kjeldekritikken to sider ved seg, den eine sida handlar om det å finne kjeldene som er relevante for problemstillinga og den andre handlar om å kunne gjere greie for litteraturen ein sjølv har brukt (2020, s. 143). Då eg samla inn mine empiriske kjelder var det viktig for meg å ha dette perspektivet og eg har hatt eit spesielt fokus på at forskingsetikken er ivaretaken i mine empiriske kjelder. Den delen av forskingsetikken som har vore spesielt viktig for meg er at anonymiteten til intervjuobjekta vert godt ivaretaken, altså retten til privatliv (Jacobsen, 2017, s. 33). I kvar av artiklane mine var forskingsetikken ein innverkande faktor for å velje dei og det kjem til syne i neste kapittel med resultata frå litteraturstudia.

## 4.0 Resultat og analyse

For å vurdere kvar artikkel opp mot kvarandre på ein systematisk og oversiktleg måte har eg valt å nytte Dalland sine metode for vurdering av forskingsartiklar. Vurderingsmetoden vil tydeleggjere kva type kjelde eg brukar, kva den kan bidra med og kvifor eg har teke kjelda med som ein del av min empiri (Dalland, 2020, s.204). I tillegg til Dalland sin metode har eg valt å leggje inn korleis dei forskingsetiske prinsippa vert ivaretaken som ein del av artikkelenalyse, dette fordi det er heilt sentralt i forsking og vitskapsteorien (Jacobsen, 2017, s. 34).

### 4.1 Artikkel 1

#### **Tittel:**

Familiens betydning for ungdoms religiøse identitetsutvikling – ungdom med muslimsk bakgrunn i fosterhjem

#### **Forfattarar:**

Tina Hansen og Ingvild Flaskerud

#### **Føremål:**

Føremålet med Hansen og Flaskerud si studie er å kartlegge kva familien har å bety for korleis barn utviklar sin identitet knytt til religion i ein fosterheim. Dei har og eit ekstra fokus på korleis barna og dei unge vaksne sine moglegheiter til å ta eigne val kring deira tru påverkar den religiøse identiteten. Dei ynskjer også at prosjektet skal bidra til å skape meir forsking kring dette temaet

#### **Metode:**

Hansen og Flaskerud har valt ein kvalitativ tilnærming for sitt forskingsprosjekt og dei har brukt individuelle intervju for å finne fram til sin data. Førsteforfattar var ansvarleg for å gjennomføre alle intervjuia. Dei vart gjennomført med ein strukturert intervjuguide med følgjande tema; deg og ditt liv, fosterfamilien, religion, biologisk familie, kjønn og fritid. Intervjuaren nytta seg av oppfølgingsspørsmål for å forsikre seg om at det informantane sa vart tolka på korrekt måte. Intervjuia vart teken opp på band og transkribert i etterkant.

## **Utval:**

Utvælet består av ni barn og unge vaksne i alderen 13 – 21 år. Fem av desse er gutter og fire er jenter. Felles for dei er at dei alle kjem frå muslimske heimar og har flytta til ein fosterfamilie med ein anna religiøs bakgrunn enn dei sjølve. Dei har alle saman varierande hyppigheit og varigheit av sine samvær. Nokon har/hadde samvær berre med foreldre, medan andre har/hadde med større delar av familien.

## **Forskingsetikk:**

I forkant av gjennomføring av studia, vart det sendt søknad til NSD (no Sikt), denne vart godkjent og forfattarane kunne starte opp sitt prosjekt. Fleire av informantane i studia er under 18 år og vert dermed rekna som ei sårbar gruppe for innhenting av forskingsdata. Det vart difor henta inn både skriftleg og munnleg samtykke for å sikre at informantane gjennomførte studia av eiga fri vilje, og ikkje etter press frå verken fosterforeldra, foreldra eller barneverntenesta.

## **Forskingsfunn:**

Forfattarane har delt desse barna inn i tre kategoriar etter korleis den religiøse utviklinga deira vart prega av samværa dei har/hadde. Dei er dei ikkje-truande, dei ambivalente og dei truande. Eg skal vidare forklare meir om dei ikkje-truande og dei truande, dette valet er gjort med tanke på relevans for problemstillinga.

Dei ikkje-truande kom frå heimar der dei vart tvungen til å tru på Islam, samt reglar religionen fører med seg, deriblant bruk av hijab, bønn og faste. Barna i denne kategorien fekk moglegheita til å sjølv bestemme kring eigen religion då dei kom til fosterheimen. Dei har ikkje lenger noko forhold til religionen og trur ikkje på ein gud. Barna i denne kategorien har svært avgrensa eller ingen kontakt med sine foreldre eller den religiøse, etniske eller kulturelle gruppa dei før høyrd til. Samværet deira er minimal og dei forbinder religion med noko vondt og tvang. Desse barna har eit nært forhold til fosterheimen og kallar sine fosterforeldre mamma og pappa.

Dei truande har valt å halde fram med å identifisere seg sjølv som muslim og praktisere sin eigen religion, då likevel noko lunde ulikt frå heimen. Barna opplevde ikkje eit stort press

heimanfrå om å vere ein praktiserande muslim som fyl alle reglar, men har i stor grad vore oppfordra til å ta eigne val knytt til sin religionspraksis. I fosterheimane har dei endra noko praksis, dette for å kunne vere med på det dei vil i kvarldagen. Som døme har eit av barna ikkje praksis med å be fem gonger om dagen, men ber på søndagar for at det ikkje skal gå utover skule eller fritidsaktivitetar. Desse barna har hyppig samvær og er gjerne med sine foreldre på religiøse hendingar som å faste saman under Ramadan og vere med på Id-feiring i moskeen. Barna har ikkje eit veldig nært forhold til sine fosterforeldre i form av at dei kallar dei mamma og pappa, men seier likevel at dei trivst i fosterheimen.

## 4.2 Artikkel 2

### Tittel:

‘To another’s house’: the experiences of Muslim young people in foster care

### Forfattarar:

David Pitcher og Shabana Jaffar

### Føremål:

Føremålet med denne studia er å finne ut av meir om korleis unge muslimar vert påverka av fosterheimspllasseringar og korleis deira tru og religion vert ivaretaken under denne prosessen.

### Metode:

Forfattarane har delt sin studie inn i tre ulike fasar. Fase 1 starta med å kontakte fleire ulike fagpersonar og organisasjonar angåande aktualiteten til prosjektet, Dei gjorde også ei omfattande gjennomgang av litteratur aktuell for deira problemstilling. I fase 2 gjennomførte dei tolv kvalitative intervju med intervjuobjekt som vart identifisert i fase 1. Intervjua vart gjennomført på ein semistrukturert måte der barna kunne fortelje fritt på ein trygg plass for barna og det vart stilt oppfølgingsspørsmål i etterkant. Det vart teken notat undervegs i intervjua og forfattarane samanfatta notata deira saman etter intervjua. I fase tre vart funna analysert og presentert for samarbeidspartnerane i fase 1.

### Utvil:

Utvilet til denne studia var 13 barn og unge vaksne i alderen 13-25 år, der to av dei var eit søskenspar. Det var seks jenter og sju gutter med i studia, fem hadde returnert til heimen sin, to

budde for seg sjølve og seks stykk var framleis i fosterheimen. Alle barna kom frå ein muslimsk heim til ein fosterheim der dei fleste hadde anna bakgrunn enn dei sjølve. Nokre av barna har budd i muslimsk fosterheim og to av dei gjorde det når studia vart gjennomført.

### **Forskingsetikk:**

Det vart henta inn samtykke til å gjennomføre intervjuet av både barna og deira fosterforeldre. For dei unge vaksne som var med i studia vart det henta inn samtykke frå berre dei.

### **Forskingsfunn:**

Forfattarane har peikt ut fire ulike tema som deira hovudfunn og presentert desse ved å lage fire ulike kasus basert på det informantane har delt med dei. Kvart kasus skildrar eit muslimsk barn på ulike stadium i sin fosterheimspllassering og kva dei opplev. Det er eitt kasus som skil seg ut med størst relevans for problemstillinga mi.

Fatima sitt kasus handlar om den første tida i ein ny plassering og skildrar behovet for kunnskap blant kontaktpersonar og fosterforeldre. I dialog om plasseringa vert diskusjonen om mat forenkla til vegetariansk mat i staden for reglar knytt til halal, spesielt då med tanke på kjøt. Fatima sitt behov for å utøve sin religion vart ikkje ivaretaken i denne kasusen, og etter samværet med mora fekk ho ei bønnematte som ho kunne ha på rommet i fosterheimen. Etter dette besøket vart fosterforeldra meir opptatt av hennar religion og dei stilte korte spørsmål kring denne, men Fatima opplev det ikkje som ein tilstrekkeleg samtale likevel. Ho får ein Koran ho kan lese i og beskjed om at ho må seie i frå om det er hendingar eller andre ting ho vil delta på som ein praktiserande muslim.

I Sumaira sitt kasus vert framtidige val drøfta. Då Sumaira vart plassert i fosterheim var ho særstakt kjend med korleis andre religionar enn muslimar levde og vart oppfordra til å ikkje vere med andre enn muslimske jenter på skulen. Sumaira kom til fosterheimen som ein djupt truande og praktiserande muslim. Etter kvart som Sumaira fekk venar utanfor det muslimske miljøet og vart meir trygg i fosterheimen vart ho også meir open til andre og skeptisk til det tradisjonelle. Fosterforeldra gjorde ingen forsøk på å styre hennar val når det kom til religion og Sumaira slutta etter kvart å bruke hijab, be og lese i Koranen. I eigen refleksjon seier Sumaira at ingen veit kva ho har mista, men at ho samtidig er glad for at ho vart plassert i den fosterheimen ho kom i og for den personen ho er blitt.

## 4.3 Artikkel 3

### Tittel:

"Hun kan jo bli muslim når hun blir stor": Om religiøs oppdragelse av barn i fosterhjem med et annet livssyn enn den biologiske familien

### Forfattar:

Johanne Rommetvedt

### Føremål:

Føremålet med Rommetvedt si oppgåve er å kartlegge korleis fosterforeldre gjennomfører den religiøse oppdraginga av sine fosterbarn med ein annan medfødt religion eller livssyn enn dei sjølve.

### Metode:

Metoden som er teken i bruk for datainnsamling er av ein kvalitativ natur. Rommetvedt har anvendt det kvalitative intervjuet som metode. Intervjua vart gjennomført med ein intervjuguide, men forfattaren gav intervjuobjekta moglegheit til å snakke meir fritt kring dei spørsmåla som var mest relevant for dei. Intervjua vart teken opptak av vart teken bandopptak av, utanom to som vart gjennomført på ein offentleg stad og difor notert for hand. Dei intervju som vart teken opptak av vart transkribert og anonymisert i etterkant.

### Utvale:

For å komme i kontakt med fosterforeldra har Rommetvedt nytta seg av ulike barneverntenester på austlandsområdet, og av den grunn har ikkje utval vore eit stort fokus frå start, men etter kvart som ho kom i kontakt med familiene har forfattaren gjort eit mindre utval. Rommetvedt har intervjuet fosterforeldre i alderen 30-50 år. Til saman har dei omsorga for 17 barn og det er 13 ulike familiar det dreier seg om. Alderen på barna ligg mellom 0 og 18 år og det er om lag like mange gutter som jenter. Om lag halvparten av fosterbarna har eit muslimsk opphav og det er dei som vil få størst fokus i mi oppgåve.

### Forskingsetikk:

Intervjua har vore anonymisert heilt frå transkriberinga etter pålegg av Personvernombodet. Vidare har Rommetvedt anonymisert sine familiar endå meir og fjerna data som har vore

relevant, men som har gjort intervjuobjekta for identifiserbare i forhold til kva forskingsetikken seier om anonymitet.

### **Forskningsfunn:**

Rommetvedt har oppsummert sine funn med å kategorisere fosterforeldra i tre ulike kategoriar når det kjem til deira handtering av oppdragjng i forhold til religion, balanse kunstnarane, framtidsoptimistane og dei uforpliktande. Det er dei to første kategoriene som synte seg å vere relevant for problemstillinga og det er dermed desse to kategoriene eg vil forklare nærmare vidare.

Balansekunstnarane har ei balansert tilnærming til oppdraginga når det kjem til religion. Dei kombinerer barnets opphavelege religion med familiens eigen eventuelle religion. Desse fosterforeldra har sjølv god oversikt over Islam som religion. Dei legg vekt på og legg til rette for at barnet skal få praktisere sin eigen religion, og har som regel eit godt samarbeid og god kommunikasjonen med foreldra om kva dei ynskjer barnet skal eller ikkje skal i forhold til religion. Dette kan innebere reglar for kva dei kan ete og ynskje om at barnet skal gå på koranskule eller lese litt i koranen kvar dag. Barna i desse familiene har ofte samvær og fosterforeldra skildrar desse samværa av god natur og som positive for barnet.

Framtidsoptimistane har ein tanke om at når barnet blir eldre så kan det velje å bli muslim, og har ikkje eit særskild fokus på det i heimen. Dei har fokus på at barna skal bli ein del av familien og tek dei gjerne med på deira eigne religiøse eller kulturelle aktivitetar. Felles for desse familiene er at barna har lite samvær med sine foreldre og fosterforeldra har inntrykk av at samværa ikkje er av positiv natur og at barna reagerer negativt på dei. Barna sjølv har også eit negativt forhold til sin opphavelege religion, fosterforeldra seier at dette gjerne er knytt til traume og negative opplevingar frå den første heimen sin med foreldra.

## 5.0 Diskusjon

I førre kapittel kjem det fram ein rekke funn om det å vere eit minoritetsbarn i ein majoritetsfosterheim. Vidare i dette kapittelet skal eg drøfte og diskutere nokre punkt som eg har valt ut i frå relevans. Alle punkta har empiri frå resultatkapittelet, men nokre funn vil bli utdjupa meir enn det det har vore tidlegare i oppgåva.

### 5.1 Tilknyting og rollemodellen

Det er ingen hemmelegheit at barn ser opp til dei vaksne det har rundt seg. Det er mogleg og heilt naturleg å ha fleire rollemodellar og viktige vaksne i sitt liv, og fosterforeldra kan bli ein av desse personane. Nokre av barna som Hansen og Flrokerud (2020) intervjuar har valt å kalle fosterforeldra for mamma og pappa og dei har ein sterk tilknyting og kjensle av tilhørsle i fosterfamilien sin. Eit av barna fortel om eit nært og godt band til sine fosterforeldre, der ho skildrar det å høyre til i den familien, samt det at nokon bryr seg om henne. Barna har nærast ingen kontakt med familien sin eller nærmiljøet dei budde i før dei vart plassert i fosterheim. Desse barna vart kategorisert som ikkje-truande i undersøkinga sitt resultat og har sin primærtilknyting til sine fosterforeldre.

I ein av Rommetvedt (2006) sine familiar har barnet eit særskilt komplisert forhold til religion og fosterforeldra opplev at det viktigaste for barnet er å høyre til i fosterfamilien og at det «går i lås» når religion frå foreldra blir nemnt. Barnet er også blant dei som har avgrensa samær og det kan tenkjast at det er mangelen på kontakt eller ein dårleg erfaring frå samværa som gjer til at han «går i lås» då religionen blir knytt opp mot noko vondt. Dette barnet er framleis i førskulealder og vart plassert i fosterheim tidleg, noko som truleg vil sei at han har sin primærtilknyting i fosterfamilien. Ein anna familie har som mål at barnet skal bli eit fullverdig medlem av familien. Dette er også eit førskulebarn og det seier sjølv at det ikkje vil vere muslim. Fosterforeldra ynskjer også at han skal bli mest mogleg «norsk». I Pitcher og Jaffar (2018) sin studie har dei barna som har følt seg mest velkommen og som ein del av familien, også blitt dei barna som til slutt har blitt minst religiøse i forhold til kva dei var før dei vart plassert i fosterheim.

Det alle tre studiane har til felles er at dess meir knytt til fosterheimen barnet er, dess mindre religiøst vert det. I Rommetvedt (2006) studie er det små barn det gjeld, men sjølv om dei er små er dei bestemt om kva dei meiner om sin medfødde religion. Basert på tilknytingsteorien og barna sin alder er det naturleg å tenkje at barna har sine tilknytingsstrategiar frå foreldra, men at fosterforeldra framleis er i posisjon til å påverke tilknytingsstrategiane i stor grad. Dette kjem til syne i form av barnas eigne ynskje om å vere ein del av fosterfamilien og at det er viktig for dei å passe inn. I Hansen og Flaskerud (2020) og Pitcher og Jaffar (2018) er det barn i ungdomsalder studien dreier seg om. Hjå desse barna er tilknytingsstrategien og dei indre arbeidsmodellane vore i bruk så lenge at det er vanskelegare å påverke dei. Blant desse barna har det derimot truleg vore identitetsaspektet og behovet for å passe inn som har påverka deira tankar om sin religion.

## 5.2 Samværskvaliteten

Samvær er eit gjennomgåande tema i heile oppgåva, men i dette underkapittelet vil eg ha fokus på sjølve kvaliteten på samværet. Hansen og Flaskerud (2020) har delt sine funn inn i tre kategoriar, og det er i den ikkje-truande kategorien at samværa har vore av därlegast kvalitet, og med det meiner eg samvær som barna sjølv ikkje vil på. I nokre tilfelle har det vore eit totalt fråvær av samvær, noko som er eit sjeldan vedtak å få frå nemndene. Då må samværa vere så motstridande barnets beste at det ikkje lenger er forsvarleg å gjennomføre. Dette skal mykje til før det skjer, og nokon vil argumentere på at det skal for mykje til også. Blant Rommetvedt (2006) sine familiar har samværrets kvalitet også vore eit tema i intervjuguiden. Ein av fosterfamiliane fortel at det er ein kamp å få barnet til samvær og at når foreldra blir nemnt i samanheng med samvær, men også i ein nøytral samanheng, så vert barnet likegyldig til kva som vert sagt. Dette er også eit barn som sjølv utrykkjer at det ikkje vil vere muslim. I Pitcher og Jaffar (2018) sin studie vert det skildra lite samvær med familie i ein av kasusane. I denne kasusen har barnet blitt mindre religiøst og meir kritisk til det miljøet ho var i før fosterheimspllasseringa fann stad.

Dei barna som opplev samvær med god kvalitet har derimot eit meir positivt syn på sin religion. I Hansen og Flaskerud (2020) er det nokre av barna som er med sin familie på dei religiøse hendingane som er viktig for familien, som til dømes Id-feiring eller fasting under Ramadan. Ein av familiene i Rommetvedt (2006) sin studie har eit nært og godt samarbeid

mellan foreldre og fosterforeldre. I denne familien har barnet hyppig samvær og dei to foreldresetta er einige om kva religiøse reglar som skal gjelde i fosterheimen. Barnet er med foreldra og familien sin i moskeen når det ynskjer og er elles med å feirar Id og fastar under Ramadan. Det som er interessant ved dette barnet er at det fastar dersom det har samvær, men fastar ikkje i fosterheimen. Kvifor kan ein spekulere i, men det kan tenkast at det er ein kombinasjon av barnets eigne meininger, identitet og det praktiske kring det å faste i ein travle ungdomskvartdag.

Det ein tydeleg ser er at for dei barna som har samvær med dårlig kvalitet vert religionsutviklinga stagnert eller stoppa heilt opp, medan barn med god kvalitet på sine samvær framleis praktiserer sin religion aktivt (sjølv om det er ein liten nedgang frå praktiseringa i heimen til praktiseringa i fosterheimen). Noko som kan vere med å påverke dette er nok barnet sin eigen samværskapasitet og kor mykje det toler før det vert traumatisk og vondt.

### 5.3 Å få bestemme sjølv

Å kunne velje kva ein sjølv trur på har vore med å påverka nesten alle barna som er omfatta i empirien. Det er stort sett dei eldste barna som har fått bestemme mest kring eigen religion og religiøs praksis, men nokre av dei yngre barna har også fått bestemme litt sjølv. Dette står i tråd med det lovverket seier om å medverke, der meininga skal vektleggjast etter alder og modenhet. Barna har i stor grad fått medverke rundt korleis dei personleg vil praktisere religionen, men det er også blitt lagt nokre føringar som dei har måtte fylgt.

Rommetvedt (2006) sine familiar med dei yngste barna har minst grad av medverknad, noko som er naturleg sett i lys av barna sine aldrar. I desse fosterfamiliane har foreldra komme med reglar som dei ynskjer at barna deira skal følgje i fosterheimen også. Det som er det mest vanlege og mest etterhalde ynsket er at barnet ikkje skal ete svinekjøtt. I enkelte av familiane er dette det einaste som vert presentert frå barnets religion, då fosterforeldra meiner at barna sjølv skal få bestemme om det vil vere muslim, men at barnet no er for ung og at det heller kan ta valet når det blir eldre. Noko av det Bufdir si retningslinje handlar om er om barna får den kontinuiteten i religiøs oppdragning som det hadde fått i heimen, ein kan difor påstå at fosterforeldra som meiner at barnet skal bestemme sjølv når det blir voksen, gjerne har behov for meir rettleiing kring religionen frå barneverntenestene. Blant dei eldre barna i denne studien har dei kunne medverka meir og det har enda med at nokon av barna har lent seg mot

ein annan religion enn islam. Dette heng også saman med tilknytingsaspektet; nokre av dei barna som var tett knytt til fosterheimen sin har lent seg mot fosterheimen sin religion i staden for foreldras religion.

Barna frå Hansen og Flakerud (2020) sin studie er derimot mykje eldre og har kapasitet og modenheit til å medverke endå meir enn det dei yngste barna har, sjølv om retten til det er det same. Eit av barna opplevde det som ein friheit å kunne velje og tenke meir sjølve når det kom til religion. Det dei fleste har til felles er at når dei står fritt til å velje sjølve har dei blitt mindre religiøse, men i varierande grad. Nokon har heilt slutta å tru på Allah og islam som religion, medan andre har endra korleis dei praktiserer og om dei til dømes går med hijab eller ikkje. I Pitcher og Jaffar (2018) er resultatet noko lunde likt og eit kasusa skildrar ei jente som har opplev vald og tvang i forhold til religion og var allereie ikkje-truande då ho kom til fosterheimen. I fosterheimen la ikkje fosterforeldra noko form for press på henne kring religion, og jenta fann tilbake til trua si. Det kan tenkjast at å kome til ein nøytral stad var det beste for jenta med tanke på hennar religionsutvikling då det gav henne moglegheita til å finne sitt forhold til religionen, som viste seg å vere annleis enn det jenta hadde lært skulle vere hennar forhold til religionen.

#### 5.4 Tilrettelegging i fosterheimen

Det siste som går mykje att i resultata frå empirien er tilrettelegginga fosterheimen gjer til at barnet skal få halde fram med å vere ein praktiserande muslim. På generelt grunnlag ser det ut til at dei fosterforeldra som legg mest til rette for at barnet kan praktisere islam er også dei fosterforeldra som har dei mest truande barna, men dette gjeld sjølvsagt ikkje alle. Ettersom Noreg er dømt så mange gongar i den Europeiske Menneskerettsdomstolen som me er, og at fleirtalet av dommane omhandlar minoritetsbarn er tilrettelegging for religiøs og etnisk kontinuitet noko som bør oppta barneverntenestene og fosterforeldre. Noreg er i gong med arbeidet gjennom ny forsking og den nye samværsretningslinja, men det er framleis forbetningspotensiale.

Ein av familiane i Rommetvedt (2006) si studie har fått ynskje frå foreldra at barnet ikkje et svinekjøt, noko dei overheld. Det vil seie at barnet nokre få gonger et anna mat enn det dei

andre barna rundt seg eller fosterfamilien gjer, då har fosterforeldra med seg eigen mat til han. Dette barnet vil ikkje vere muslim, noko fosterforeldra trur handlar om at han ikkje alltid et same mat som dei andre. Dette kan også handle om at han ikkje vil føle seg utanfor, men kunne gjere det same som resten av fosterfamilien eller dei andre barna gjer. Eit anna barn i ein anna familie i ungdomsskulealder har sjølv valt å ikkje ete svin og har støtte i dette frå fosterforeldra. Likevel vel han å ete seigmenn sjølv om fosterforeldra han informert han om at gelatinet i seigmannen ikkje gjer det «svinefritt». I dette tilfellet kan ikkje fosterforeldra gjere anna enn å gje råd då barnet er i den alderen der han sjølv skal få bestemme mykje sjølv kring religiøs praksis.

Pitcher og Jaffar (2018) har eit kasus der fosterforeldra i utgangspunktet var heilt likegyldige til religion og om jenta kanskje ville praktisere religion i fosterheimen også. Denne jenta ville det, men fekk ikkje sagt det i frykt for å skape trøbbel. Etter første samvær med mor fekk jenta eit bønneteppe og i samtale kring det kom det fram at jenta og ynskte ein koran, noko fosterforeldra fekk tak i til henne. Det kasuset truleg skal synleggjere er at ikkje alle fosterforeldre er klar over at barna treng noko i det heile teke, men at dei gjerne vil legge til rette dersom barnet eller foreldra ytrar ynskje om dette. I Hansen og Flaskerud (2020) sine intervju med barna går det same opp att; dei som spør, både barn og foreldre, om å få diverse gjenstandar til religiøs praksis får det som regel, unntaket er Halal-kjøtt då det av praktiske orsakar har vore vanskeleg å få tak i for dei fleste fosterheimane.

## 6.0 Avslutning

Denne oppgåva hadde som mål å setje lys på minoritetsbarna i majoritetsfosterheimen og korleis dette påverkar dei, og med eit særskild fokus på korleis samværet med foreldre og familie bidreg til utviklinga av den religiøse identiteten til ungdomane. Det eg kan trekke fram som hovudresultat etter gjennomføringa av litteraturstudiet og arbeidet med denne oppgåva er at samvær har ein viss innverknad på korleis den religiøse identiteten til ungdomane vert forma og fyl dei inn i vaksenlivet. Dei gode samværa gir barn som ynskjer å halde kontakta med sin familie og ha eit praktiserande forhold til religionen, medan dei dårlige samværa gjer at barna ynskjer å a avstand frå religionen.

Det er likevel ikkje berre samvær som har noko å seie for religionsutviklinga, men det er i seg sjølv eit komplekst bilet der fleire faktorar spelar inn og verkar opp mot kvarandre. Det kan seiast at det å medverke og å ha ein god tilknyting til både foreldre og fosterheim er nett like viktig som samvær for å utvikle ein religiøs identitet som liknar den frå familien. Sjølv om det er komme nyare forsking på samvær for minoritetsetniske barn kan det med fordel forskast meir på samværrets verknad på religionsutviklinga, men også kva andre faktorar som spelar inn. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet har lagt godt til rette for barneverntenestene med si samværsretningslinje, med eit særskild delkapittel for minoritetsbarn, men samvær er ikkje eit svart/kvitt bilet. Det er heller eit komplekst bilet med fleire lag som treng å synast og kome fram for å kunne ta dei samværsavgjerslene som vil vere til det beste for det enkelte barn.

## 7.0 Litteraturliste

Barne-, Ungdom- og Familiedirektoratet (2022, 12. desember). *Samvær – kunnskapsbasert retningslinje for vurdering av samværsordning etter omsorgsovertakelse.*

[https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/samvar\\_retningslinje\\_for\\_vurdering\\_av\\_samvarosrdning\\_ved\\_omsorgsovertakelse/](https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/samvar_retningslinje_for_vurdering_av_samvarosrdning_ved_omsorgsovertakelse/)

Barnevernsloven. (2021). *Lov om barnevern* (LOV-2021-06-18-97). Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97>

Bunkholdt, V. (2017). *Samvær og kontakt med foreldre, søsken og andre.* | H. Sundt (red.) Fosterhjemshåndboka (utg. 7, s. 424-447). Gyldendal.

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal

De forente nasjoner. (1987). *FNs konvensjon om barns rettigheter.* Barne- og familidepartementet.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)

Den Europeiske menneskerettskonvensjonen. (1999). *Konvensjonen om beskyttelse av menneskerettene og de grunnleggende friheter* (21-05-1999). Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/1999-05-21-30>

Engelien, A. O., Kvello, Ø. og Vestvik, H. (2023). *Samvær mellom barn og biologiske foreldre etter plassering utenfor hjemmet.* Universitetsforlaget.

Grunnlova. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov* (LOV-1814-05-17). Lovdata.

<https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn>

Hansen, T. og Flakerud, I. *Familiens betydning for ungdoms religiøse identitetsutvikling – ungdom med muslimsk bakgrunn i fosterhjem*. Nordisk tidsskrift for ungdomsforskning, 2020, vol 1, s. 42-56. <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/issn.2535-8162-2020-01-04>

Helgesen, L. A. (2020). *Menneskets dimensjoner – lærebok i psykologi* (3. utg.). Cappelen Damm Akademisk

Jacobsen, D. I. (2017). *Forståelse, beskrivelse og forklaring – innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Cappelen Damm Akademisk

Lund-Fallingen, D. (2017). *Fosterbarn med etnisk minoritets- eller urfolksbakgrunn*. | H. Sundt (red.) Fosterhjemshåndboka (utg. 7, s. 161-170). Gyldendal.

Persvold, A., Z. (2021, 7. november). Majoritet. | *Store Norske Leksikon*.  
<https://snl.no/majoritet>

Picher, D. & Jaffar, S. *To another's house: The experience of Muslim young people in foster care*. Adoption and fostering, 2018, vol. 42, s. 215-332. <https://journals-sagepub-com.galanga.hvl.no/doi/epub/10.1177/0308575918790437>

Rommetvedt, J. (2006). *Hun kan jo bli muslim når hun blir stor. Om religiøs oppdragelse av barn i fosterhjem med et annet livssyn enn den biologiske familien*. [Masteroppgåve, universitetet i Oslo]. <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/23990/rommetvedt-masteroppgave-2006.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Rugkåsa, M., Ylvisaker, S. og Eide, K. (2020). *Barnevernet i et minoritetsperspektiv. Sosialt arbeid med barn og familier*. Gyldendal Akademisk.

Sjøvold, M. S. og Furuholmen, K. G. (2020). *De minste barnas stemme. Sped- og småbarn utsatt for vold og omsorgssvikt* (2. utg.). Universitetsforlaget.

Skytte, M. (2020). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid* (3. utg.). Gyldendal.

Stang, E. G. og Baugerud, G. A. (2018). *Samvær etter omsorgsovertakelse. En barnevernfaglig og juridisk utredning*. OsloMet Rapport.

<https://skriftserien.oslomet.no/index.php/skriftserien/article/view/612/133>

Stang, E. G., Baugerud, G. A., Backe-Hansen, E, og Rugkåsa, M. (2023). *Samvær i praksis. En forskningsbasert undersøkelse av samværsordninger i barnevernet. Hovedrapport fra prosjektet «Samvær etter omsorgsovertakelse»* OsloMet Skriftserie 2023 nr 1.

[https://www2.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/barnevern/samvar\\_i\\_-praksis\\_en\\_forskningsbasert\\_undersokelse\\_av\\_samvarsordninger\\_i\\_barnevernet\\_hovedrapport\\_fra\\_prosjektet\\_samvar\\_etter\\_omsorgsovertakelse.pdf](https://www2.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/barnevern/samvar_i_-praksis_en_forskningsbasert_undersokelse_av_samvarsordninger_i_barnevernet_hovedrapport_fra_prosjektet_samvar_etter_omsorgsovertakelse.pdf)

Statistisk Sentralbyrå (2022, 6. juli). *Barnevern*. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/barne-og-familievern/statistikk/barnevern>

Strandbu, A. og Vis, S. A. (2020). *Barnets deltagelse i beslutningene* | Ø. Christiansen & B., H. Kojaanen (red.), Beslutninger i barnevernet (s. 144-160). Universitetsforlaget.

Sundt. H. (2017). *Ulike typer fosterhjem*. | H. Sundt (Red.), Fosterhjemshåndboka (utg. 7, s.65-70). Kommuneforlaget.

Trygstad, H. og Dalland, O. (2020). *Kunnskapskilder og kildekritikk*. | O. Dalland, Metode og oppgaveskriving (utg. 7, s. 139-166). Gyldendal.

Wæhle, E. (2022, 5. september). Minoritet. | *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/minoritet>

## Vedlegg 1: Søkelogg

DATABASE	DATO	SØKEORD/KOMBINASJON	ANTALL TREFF	KOMMENTARER
Oria	02.04.2023	“Foster care” AND Muslim	26	Avgrensa til kun fagfellevurderte artiklar, det vart 12 stykk. Sett på tittel og samdrag på 4 for å finne mest relevant artikkel på samdrag og emneord.
Oria	02.04.2023	“foster care” AND minority	616	Avgrensa til fagfellevurderte artiklar, 375. Endra søk med flere søkeord i staden for
Oria	02.04.2023	“foster care” AND minority AND “contact visits”	6	
Oria	02.04.2023	“foster children” AND religion	259	Avgrensa til fagfellevurderte artiklar, 140.
Oria	02.04.2023	“foster children” AND development AND “contact visits”	78	Sett over titlar
Oria	03.04.2023	Fosterhjem AND religion	6	Sett på tittel for å finne mest relevant artikkelen for meg, avgrensa til berre fagfellevurderte artiklar.
Oria	03.04.2023	Fosterhjem og utvikling	24	Fagfellevurderte artiklar; 4; sett på titlar
Oria	03.04.2023	Fosterbarn AND religion	3	

Oria	03.04.2023	Fosterhjem AND religion	6	Sett på tittel, valt utanom fagfellevurderte artiklar for å finne litteratur med relevans for oppgåva mi.
Oria	03.04.2023	Fosterforeldre AND religion	1	
Oria	03.04.2023	Fosterbarn AND samvær	4	